



Vaksinering covid-19



Koronavaksinasjon er ein del av det nasjonale vaksinasjonsprogrammet som kommunen vil tilby innbyggjarane sine.



Vaksinering Covid-19

Innbyggjarar i Stad vil få tilbod om covid-vaksine i samsvar med helsemyndigheitene sine anbefalingar og prioriteringar, så raskt og effektivt som det lar seg gjere.



Kva vaksine får vi?

Vi kjem til å få fleire vaksiner i løpet av det næraste året. Norge har godkjent to vaksiner. Pfizer sin vaksine er den første som er gjort tilgjengeleg i Noreg. Vaksinen er ein mRNA-vaksine og skal gje 94 prosent vern mot covid-19 og vert gitt i to dosar med tre veker mellomrom.

Kven får vaksine først?

Norske helsemyndigheiter har bestemt at med den smittesituasjonen vi har no, skal personar med høg alder og risikofaktorar få vaksinen først. Det betyr at sjukeheim står øverst på lista. *Sjå prioritert rekkjefølgje på neste side.*

Stad kommune har oversikt over alle som skal ha tilbod om vaksine i kommunen. Det er **ikkje nødvendig å kontakte legetenesta for å setje seg på liste**. Alle vil bli kontakta for avtale når det er deira tur til å bli vaksinerte.

Arbeidet vil bli omfattande og kommuneoverlegen oppmodar alle om å gjere det dei kan for å ha best mogeleg kunnskap om koronavaksinen i tida som kjem. Det er viktig at kvar enkelt har eit godt grunnlag for å velje om ein vil ta imot tilbodet om vaksine. Det vil ikkje bli gjeve omfattande informasjon til kvar enkelt ved sjølve innkallinga.

Du finn meir informasjon om vaksinen på side 6-7 og på nettsida

<https://www.helsenorge.no/koronavirus/koronavaksine/>

Prioritert rekkjefølgje for vaksinasjon:

1. Bebuarar på sjukeheim
2. Alder 85 år og eldre
3. Alder 75-84 år
4. Alder 65-74 år

OG personar mellom 18 og 64 år med disse sjukdomane/tilstandane:

- organtransplantasjon
 - immunsvikt
 - hematologisk kreftsykdom siste fem år
 - annan aktiv kreftsykdom, pågåande eller nyleg avslutta behandling mot kreft
 - nevrologiske sjukdom eller muskelsjukdom som medfører nedsett hostekraft eller lungefunksjon
 - kroniske nyresjukdom eller betydeleg nedsett nyrefunksjon
5. Alder 55-64 år med desse sjukdomane/tilstandane:
 - Kronisk leversjukdom eller betydeleg nedsatt leverfunksjon
 - Immundempande behandling ved autoimmune sjukdomar
 - Diabetes
 - Kronisk lungesjukdom
 - Fedme med kroppsmasseindeks (KMI på $\geq 35 \text{ kg/m}^2$ eller høgare)
 - Demens
 - Kroniske hjerte- og karsjukdomar (med unntak av høgt blodtrykk)
 - Hjerneslag
 - Annan alvorleg og/eller kronisk sjukdom som ikkje er nevnt i lista over kan også gje auka risiko for alvorleg sjukdom og død av covid-19. Dette blir vurdert individuelt av lege.
 6. Alder 45-54 år med same sjukdomar/tilstandar som er listet opp i pkt. 5
 7. Alder 18-44 år med same sjukdomar/tilstandar som er listet opp i pkt. 5
 8. Alder 55-64 år
 9. Alder 45-54 år


Korleis organiserar vi vaksininga?

Når vaksine blir levert må den nyttast innan få dagar. Det betyr at arbeidet vil vere intensivt når leveransane kjem. Med gode planar og godt budde tilsette skal vi kunne løyse dette på ein god måte.

Det er legekontora i kommunen i samarbeid med helsesjukepleiarar som gjennomfører vaksinasjonen. Bebuarar ved sjukeheimane verte vaksinererte av personale ved institusjonane.

Oppsummering

Koronavaksine på 1-2-3




Kven bør ta koronavaksine?

Dei som er 65 år eller eldre.

Vaksne personar med enkelte sjukdomar.

Vaksinen er gratis.




Korleis skjer vaksininga?

Vaksinen blir gjeven med sprøyte i overarmen.

Vaksinen skal gjevast to gongar med nokre veker mellomrom.

Hugs å seie frå om du har allergi, brukar medisinar eller er sjuk.



Kor godt verkar vaksinen?

Vaksinen beskyttar mot koronasjukdomen covid-19.

Dei fleste får beskyttelse 1-2 veker etter andre vaksinedose.

Dei som har fått vaksine bør framleis følgje vanlege reglar for smittevern.



Korleis verkar vaksinen?

Vaksinen gjer at kroppen lærer å kjenne igjen viruset og å beskytte seg mot koronaviruset.

Innhaldet i vaksinen forsvinn raskt ut av kroppen.

Men kroppen hugsar korleis han kan forsvare seg mot viruset.



Biverknader

Vaksinen er testa i store studiar på mange tusen menneske. Vanlege biverknader, er:

- Vondt på stikkstaden
- At du blir trøyyt
- Hovudverk
- Vondt i kroppen
- Frysningar og feber

Desse biverknadene er ubehagelege, men går over etter få dagar.



Uvanlege biverknader

Kontakt lege eller anna helsepersonell om du får uvanlege, kraftige eller langvarige symptom etter vaksinasjon.

Om vaksinene – (Pfizer og BioNTech)

Det nye koronaviruset gjev sjukdom i luftvegane. Mange får ingen eller milde symptom, men nokon blir alvorleg sjuke. Dei eldste og dei med enkelte andre sjukdomar frå før har størst risiko for å få alvorleg sjukdom eller å døy. Målet med koronavaksine er å beskytte liv og helse.

Slik går vaksinasjonen føre seg

Vaksinen blir sett i overarmen. Du får to dosar med minst 21 dagars mellomrom. Det er viktig at du tar den andre dosen til oppsett tid. Før vaksinasjonen vil du få spørsmål om du er frisk, og om du har hatt reaksjonar på andre vaksinar du har fått tidlegare. Hugs å informere dersom du har allergi, bruker medisinar eller har andre helseproblem. Det er vanleg å utsetje vaksinasjon ved akutt sjukdom og ved feber over 38 grader. Etter vaksinasjon vil du bli bede om å vente på vaksinasjonsstaden i minst 20 minutt.

Korleis verkar denne vaksinen?

Vaksinen inneheld oppskrifta (bodbringar-RNA) på dei typiske piggane på koronaviruset. Det gjer at kroppen lagar ufarlege kopiar av desse piggane som immunforsvaret kan trene seg på. Sånn lærer kroppen seg å kjenne igjen og forsvare seg mot ekte koronavirus om ein seinare blir smitta. Bodbringar-RNA frå vaksinen blir raskt brote ned av kroppen utan å påverke arvestoffet.

Vaksinen inneheld ikkje levande virus og gjev ikkje koronainfeksjon. Koronavaksinen verkar førebyggjande. Han kan ikkje kurere koronasjukdom ein allereie har fått.

Denne måten å lage vaksinar på er ikkje brukt mot smittsame sjukdomar hos menneske tidlegare, men teknologien er kjent og blir brukt i kreftbehandling.

Kor godt verkar vaksinen?

Vaksinen beskyttar mot sjukdom som kjem frå det nye koronaviruset. Allereie ei veke etter andre dose, hadde rundt 95% av dei vaksinerte i studiane fått beskyttelse. For dei aller eldste er det lite data. Førebels veit vi ikkje kor lenge beskyttelsen varar. Om beskyttelsen avtar over tid, kan det bli aktuelt med oppfriskingsdosar. Vi veit heller ikkje kor godt vaksinen hindrar smittespreiing. Difor er det viktig at vi framleis følgjer gjeldande smittevernråd.

Biverknader

Frå studiane som er gjort har vi god kunnskap om vanlege og mindre vanlege biverknader hos dei vaksinerte. Vi kan ikkje utelukke sjeldne biverknader som først kjem til syne lang tid etter vaksinerings. Dei fleste biverknadene oppstod dei første dagane etter vaksinasjon, og gjekk over i løpet av eit par dagar:

- Dei fleste vaksinerte får smerter på stikkstaden.
- Andre vanlege biverknader er at ein blir trøyt, får hovudverk, muskelsmerter, frysningar, leddsmerter og feber. Desse biverknadene er vanlegare etter dose 2.
- Biverknader er sjeldnare hos eldre enn hos yngre vaksne.

I dei aller fleste tilfella var biverknadene milde eller moderate. Under 5% fekk meir plagsame biverknader som var ufarlege, men som påverka dagleglivet dei få dagane det varte. Dette var vanlegare etter dose 2 og blant yngre personar.

Kva gjer eg om eg får biverknader?

Om du opplever uventa, kraftige eller langvarige symptom som du trur kjem frå vaksinen bør du kontakte lege eller anna helsepersonell for vurdering og råd. Helsepersonell har plikt til å melde frå om alvorlege eller ukjende reaksjonar som dei mistenkjer kjem frå vaksine. Du kan også sjølv sende inn melding via helsenorge.no

Godkjenning på vilkår

Denne koronavaksinen er testa ut i store studiar der fleire tusen personar har fått vaksinen. Studiane er gjennomførte på same måte som for andre vaksinar, men observasjonstida er kortare. Legemiddelstyresmaktene har gjeve vaksinen ei godkjenning på vilkår. Det vil seie at det ligg føre nok data til å vurdere at nytten av vaksinen er langt større enn risikoen, men at vaksineprodusenten må fortsetje studiane og fortløpande gje legemiddelstyresmaktene data som kjem til etter kvart.

Kva vaksinar har eg teke?

Når du får koronavaksine blir dette registrert i Nasjonalt vaksinasjonsregister SYSVAK. Opplysningane finn du på helsenorge.no

Vil du vite meir?

Spør gjerne legen din, dei som vaksinerte deg eller anna helsepersonell. Sjå også nettsidene til Folkehelseinstituttet. www.fhi.no/kvp



Stad kommune